

## Oversikt over folkehelsa i Sirdal, status våren 2022

Folkehelseloven pålegg kommunen å ha oversikt over helsetilstanden i befolkinga samt positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Som ein del av kommunal planlegging bør val av mål, strategiar og tiltak vera **kunnskapsbasert**.

God oversikt gir meir treffsikkert utviklingsarbeid. Kwart fjerde år skal kommunen utarbeida ei samla folkehelseoversikt som skal ligge til grunn for langsiktig folkehelsearbeid. Sirdal kommune utarbeida ny folkehelseoversikt i 2020. Kjennskap til folkehelseutfordringar skal oppdaterast årleg. Oppsummering av folkehelseoversikta frå 2020 syner at Sirdal i hovudsak har dei same folkehelseutfordringane som resten av



landet. Dei største risikofaktorane og årsakene til sjukdom og for tidleg død i Noreg i dag er tobakk, alkohol, usunt kosthald, inaktivitet, muskel- og skjelettlidingar, psykiske lidningar, sjølv mord, narkotika, ulykker og luftforureining.

Sirdal skil seg positiv ut på fleire område, men på nokre område skårar me dårlegare enn landet sett under eitt. På fleire økonomiske område kjem Sirdal positivt ut. Sirdal er ein liten distriktskommune med god økonomi. Me har ein mindre andel låginntektsfamiliar enn resten av landet, færre mottak trygdeytningar. Me har god vatn- og luftkvalitet, og det er færre som slit med psykiske lidningar enn landsgjennomsnittet. På enkelte område skårar me dårlegare enn resten av landet. Prosentandel med muskel- og skjelettlidingar har i fleire år vore svært høg i Sirdal. Me har ikkje lukkast i å snu denne trenden.

Ein større andel ungdom er svært lite aktive enn resten av landet, og me har ein høgare andel overvektige ved sesjon enn resten av landet. Prosentdelen unge som har prøvd cannabis var i følge Ungdata-undersøkinga høgare enn landsgjennomsnitt. Folkehelseinstituttet si undersøking av livskvalitet og psykisk helse under korona-epidemien syner at det er dei største byområda som har vore mest utsett for høge smittetal og dei strengaste smittevernstiltaka, og det er her ein ser dei største utslaga på auka psykisk belastning og einsemd. Men ein bør likevel halda ekstra fokus på kva følger koronapandemien kan medføre både for psykisk og fysisk helse i befolkinga.

### **a. Befolkningssamansetning**

Befolkning pr. 31.12.2022, 1810 personar. Det utgjør ein vekst på 38 personar i forhold til utgangen av førre år. Det blei født 21 barn i 2021, det er over ei dobling i forhold til 2020. Det er eit hovudmål i kommuneplanens samfunnsdel å auka befolkninga. Dette er viktig både for å skapa eit godt sosialt miljø, trivsel, godt servicetilbod og aktivitet i kommunen. Det vil vera viktig å leggja til rette for barnefamiljar, og leggja til rette for at Sirdal er ein attraktiv kommune for barnefamiljar.

Årsaker til nedgang i befolkning i 2020 og 2021 kan vera permittering, og usikkerheit grunna Korona-pandemi. Me har også ein lågare andel kvinner enn menn i aldersgruppene 25-39 år.

Dette er eit utfordringsbilete som ein bør halda fokus på med ein bevisst strategi i forhold til kvinner, arbeidsplassar og rekruttering.

### **b. Oppvekst og levekår**

Sirdal har høgare median inntekt enn landsgjennomsnittet. Barn som veks opp i låginntektsfamiljar er 6,5 %, og barn av eineforsørgjar er 8,8%. Dette er begge under lands- og fylkesgjennomsnittet.

Det var 3,3 % arbeidsledige i Sirdal ved utgangen av 2020. I Sirdal opplevde ein også ei kraftig auke med arbeidsledige då Korona-pandemien råka i mars 2020, men dette har gått tilbake til normalnivå i løpet av året. Dei aller fleste verksemdar har no tilnærma normal drift.

Det er stor bygg- anleggsverksemd i kommunen. Dette bidreg til fleire arbeidsplassar, men arbeidsmarknaden ber preg av mykje innpendling, og store sesongforskjellar.

Sirdal har ein stor innpendling til jobb i kommunen. 289 personar pendlar inn til jobb mot 195 som pendlar ut. I tillegg vil det vera mange som ikkje er registrert her i samband med kortare oppdrag til dømes innan handverkstenestar.

Sirdal kommune er en langstrakt kommune med sprett busetting og mange små grender, men med eit fleirtal i kommunesentrum Tonstad. Geografisk fordeling:

- Tonstad området-48 %,
- Sinnes/Tjørhom området 15,8%,
- Andre område – spreidd busetting-36,2%

Vurdering av levekår i Sirdal: Låg arbeidsløyse, trygt nærmiljø og gode økonomiske forutsetningar gir grunnlag for gode og trygge levekår, men lange avstandar, utanforskap og inaktivitet kan skape fysiske utfordringar og einsemd.

### **c. fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø**

Sirdal har lite forureining, men det er stor trafikk i samband med turisme, gjennomgangstrafikk og stor anleggsverksemd. Det er biltrafikk ved personbilar som utgjer den største delen av klimagassutslepp i Sirdal.

Sirdal har svært god vatn-kvalitet og god leveringsstabilitet. Det er viktig for folkehelsearbeidet å sikre at befolkninga får nok og godt drikkevatt. Det er få eller ingen biologiske farar i kommunen. Radon målingar viser at konsentrasjonen i Sirdal er langt under landsgjennomsnittet.

Sirdal har fleire godt utbygde idrettsarenaer innan fotball og ski. Me har 220 km. oppkøyde skiløyper om vinteren, eit variert turløypenett og flotte naturområde i heile kommunen. Hausten 2020 opna ein ny skate-bane som er blitt ein populært samlingsstad for barn og unge. Sinnes skule blir totalrenovert i 2021. Det blei sett opp nye leikeapparat hausten 2020. Det blir ny gang- og sykkelveg til Tjomlid i løpet av 2021. Dette vil skapa tryggare skuleveg for fleire elevar. Ein kontroll av fleire leikeplassar våren 2021 syner at det er naudsynt med ei oppgradering av fleire leikeområde, spesielt for dei minste borna.

### **d. Skader og ulykker**

Sirdal kommune ligger godt under både landsgjennomsnittet og fylkessnittet på personskadar registrert i spesialhelsetenesta.

### **e. Helserelatert åtferd**

Ung-data undersøkinga frå 2019 viser at det er ein større andel ungdom i Sirdal som oppgjer at dei er svært lite fysisk aktive enn landsgjennomsnittet. Dei aller fleste er fornøgd med nærområdet sitt og omtrent 2/3 er med i fritidsorganisasjonar.

Mange er svært aktive i Sirdal, og aktivitetane i idrettslaga er populære, 67 % er med i fritidsorganisasjon. Det bør satsast vidare på å leggja til rette for universelle tiltak for å auka aktiviteten blant alle og i tillegg skape attraktive møteplassar som legg til rette for inkludering

og aktiv fritid. Koronapandemien har vist oss at det er ekstra viktig å ha tilgang til opne aktivitetsarenaer utandørs som er tilgjengelege for alle.

#### **f. Helsetilstand**

Kartlegging av overvekt/fedme, hjarte- og karsjukdom syner ein høgare andel enn fylkes- og landsgjennomsnitt. Registrering av muskel- og skjelettlidingar syner at me ligg høgare enn både land- og fylkesgjennomsnitt, og utviklinga her har vore negativ dei siste åra.

Psykiske lidingar er mindre utbreidd i Sirdal enn landsgjennomsnittet og dei fleste ungdommar (74%) er nøgd med helsa si.

Vurdering: I forhold til muskel- og skjelett-utfordringa er det urovekkande at utviklinga her har vore negativ dei siste åra. Dette er ein problematikk som gir dårlegare livskvalitet hos dei det gjeld. Det er også den helseplaga som kostar samfunnet mest i forhold til sjukefråvær. Det er bekymringsfullt at også mange unge slit med fysiske plager og at så mange kjenner seg einsame.

#### **Folkehelsa i Sirdal**

##### **Største utfordringar**

- Snu negativ utvikling i forhold til muskel- og skjelettlidingar
- Auka aktivitetsnivå blant dei ungdommane i Sirdal som er minst aktive.
- Auka trivsel og fremma fysisk helse
- Forebygga einsemd

##### **Positive folkehelseområder**

- Stor aktivitet blant idrett- og frivillige organisasjonar
- God tilgang til natur
- Skiløyper om vinteren og turløyper om sommaren
- Godt utbygd idrettsarenaer, fotball, idrettshall, skiskyting og langrenn
- Det er 100 % barnehagedekning

# Folkehelseprofil 2022

## Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikten nedenfor sammenliknes noen nøkkeltall for kommunen og fylket med landstall. I figuren og tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønnsammensetning sammenliknet med landet. Klikk på indikatornavnene for å se utvikling over tid i kommunen. I KommuneHelse statistikkbank, <http://khs.fhi.no> finnes flere indikatorer samt mer informasjon om hver enkelt indikator.

Vær oppmerksom på at også «grønne» verdier kan innebære en folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter.

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- ▬ De ti beste kommunene i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkehelsebarometer for Sirdal
Befolkning	1 Personer som bor alene, 45 år +	27,5	25,3	26,1	prosent	
	2 Andel i yrkesaktiv alder (16-66 år)	62	65	66	prosent	
Oppvekst og levelår	3 VGS eller høyere utdanning, 30-39 år	86	79	80	prosent	
	4 Vedvarende lavinntekt, alle aldre	6,0	11,5	10,2	prosent	
	5 Inntektsulikhet, P90/P10	2,5	2,7	2,8	-	
	6 Barn av enslige forsørgere	9,9	15,5	14,8	prosent	
	7 Mottakere av uførepensjon, 45-66 år	-	21,7	16,6	prosent (a,k)	
	8 Bor trangt, 0-17 år	13	14	19	prosent	
	9 Trives på skolen, 10. trinn	84	83	85	prosent (k)	
	10 Mobbes på skolen, 7. trinn	-	5,4	5,9	prosent (k)	
	11 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. tr.	35	26	23	prosent (k)	
	12 Gjennomføring i vdg. opplæring	87	78	78	prosent (k)	
	13 Troen på et lykkelig liv, Ungd. 2019-21	**	71	69	prosent (a,k)	
Miljø, skader og ulykker	14 Drikkevann, hygienisk og stabilt	100	83	90	prosent	
	15 Luftkvalitet, finkornet svevestøv	2,8	3,9	4	µg/m³	
	16 Valgdeltakelse, 2021	80,1	76,5	77,2	prosent	
	17 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2019-21	**	85	85	prosent (a,k)	
	18 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2019-21	**	66	62	prosent (a,k)	
	19 Ensomhet, Ungdata 2019-21	**	23	24	prosent (a,k)	
	20 Fornøyd m/ lokalmiljø, Ungd. 2019-21	**	70	68	prosent (a,k)	
Helse-relatert atferd	21 Trener sjeldnere enn ukentlig, 17 år	35	30	27	prosent (k)	
	22 Skjermtid over 4 timer, Ungd. 2019-21	**	34	43	prosent (a,k)	
	23 Røyking, kvinner	6,8	4,5	3,4	prosent (a)	
Helsestilstand	24 Forventet levealder, menn	80,6	79,5	79,9	år	
	25 Forventet levealder, kvinner	83,5	83,5	83,8	år	
	26 Utd.forskjeller i forventet levealder	-	5,7	5	år	
	27 Fornøyd med helse, Ungd. 2019-21	**	69	69	prosent (a,k)	
	28 Psykiske plager, Ungd. 2019-21	**	16	16	prosent (a,k)	
	29 Psykiske sympt./lidelser, 0-74 år	109	179	160	per 1000 (a,k)	
	30 Muskel og skjelett	384	324	316	per 1000 (a,k)	
	31 Overvekt og fedme, 17 år	27	23	22	prosent (k)	
	32 Hjerte- og karsykdom	14,3	16,6	17,1	per 1000 (a,k)	
	33 Tykk- og endetarmskreft, nye tilfeller	108	78	82	per 100 000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år	94,7	96,1	96,9	prosent	

Forklaring tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor!

10: tall fra ungdatabasen 19; 11 % oppgir at de blir mobbet minst hver 14 dag, mot 8, landbasis. De andre prikkene er også lagt inn basert på ungdatabasen 19, ungdomsskolen i Sirdal, disse blir ikke lagt inn nasjonalt da vi har for lite antall basert på kjønn og trinn. Det kommer nye tall her i løpet av 2022. \*19, 20, 22, og 27 oppdatert med lokale data fra 2019.

## Oppdatering av statistikk

Oppdatert

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Folkehelseprofil <a href="file:///C:/Users/inkv/Downloads/Folkehelseprofil-2022-nb-4228-Sirdal%20(1).pdf">file:///C:/Users/inkv/Downloads/Folkehelseprofil-2022-nb-4228-Sirdal%20(1).pdf</a></li> </ul>	2022			
*1	<ul style="list-style-type: none"> <li>Befolkning <a href="https://www.ssb.no/kommunefakta/sirdal">https://www.ssb.no/kommunefakta/sirdal</a></li> </ul>	2022			
*2	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ung data-undersøkelse 2019</li> </ul>	2019			
*3	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunehelsa <a href="http://www.khs.fhi.no">www.khs.fhi.no</a></li> </ul>	2020			
4	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommuneprofilen.no <a href="https://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/DinRegion/ledig_mnd_region.aspx?fbclid=IwAR3MeX1vIUogC7QZ5hXpkQu3jpFp_4XQQkhPBu86GgH5nnf0QTIFHy6WThA">https://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/DinRegion/ledig_mnd_region.aspx?fbclid=IwAR3MeX1vIUogC7QZ5hXpkQu3jpFp_4XQQkhPBu86GgH5nnf0QTIFHy6WThA</a></li> </ul>	2022			
	<p>Utslipp av klimagasser: <a href="https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=661&amp;sector=4">https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=661&amp;sector=4</a></p>				